



**Direktoratet for mineralforvaltning**  
med Bergmeisteren for Svalbard

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.  
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 05.07.2018  
Vår ref: 18/02302-2  
Deres ref:

## Fråsegn til varsel om oppstart, høring og offentlig ettersyn av planprogram for fellesprosjekt Vossebanen E16 Arna-Stanghelle i Bergen og Vaksdal kommuner

Leiv Erikssons vei 39  
Postboks 3021 Lade  
N-7441 Trondheim

**TELEFON** + 47 73 90 46 00

**E-POST** mail@dirmin.no

**WEB** www.dirmin.no

**GIRO** 7694.05.05883

**SWIFT** DNBANOKK

**IBAN** NO5376940505883

**ORG.NR.** NO 974 760 282

**SVALBARDKONTOR**

**TELEFON** +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 6. april 2018.

DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnytting av mineralske ressurser, og har et særleg ansvar for at mineralressurser blir teke omsyn til i plansaker.

### Saka

Statens vegvesen og Bane Nor skal i samarbeid lage ein statleg reguleringsplan med KU for Vossebanen og E16 mellom Arna og Stanghelle. Forslag til planprogram for veg og bane er nå ute på høring, med tilrådde alternativ for ny fire-felts veg frå Asko i Arna til Trengereid og to-felts veg til Helle like nord for Stanghelle. Det vert lange tunellar og vegkryss på Trengereid, Vaksdal og Helle. Jernbanen går med dobbeltspor frå Arna stasjon til Vaksdal og vidare til Stanghelle. Stasjonar vert det på Vaksdal og Stanghelle. På Vaksdal skal det utgreiast to alternativ.

### Fråsegn frå DMF

#### Massehandtering

Prosjektet inneber uttak av store mengder tunnelmassar. DMF registrerer at planprogrammet gjer grundig greie for massehandtering i prosjektet, med bærekraftige mål for bruk og handtering av desse overskotsmassane.

Planprogrammet beskriv vidare at massedeponeringsprosjekt utanfor planområdet for ny E16/Vossebanen vil bli gjennomført som eigne reguleringsplanar. Med tanke på god forvaltning av massar i eit miljø- og samfunnsperspektiv bør ein i konsekvensutgreiinga av landskapsbiletet sjå alle uttak, terrenginngrep og deponering av masser som gjeld utbygging av veg og bane i samanheng. Slik når ein målet frå programmet om at dei valde løysingane ikkje vil generere store negative verknader for ikkje-prisette tema, og at massehandteringa tek omsyn til landskap, natur mm. Dette bør òg gjelde for deponiområdar for massar som skal gjenbrukas i samband med prosjektet eller til andre utbyggingsformål i kommunane.



### Utgreiing av mineralressursar

Planprogrammet bør beskrive registrerte mineralressursar langsmed og nær planlagt bane og veg. Mineralressursar er eit eget utgreiingstema jf. § 21 i Forskrift om konsekvensutredninger (2017), og høyrer naturleg inn under kategorien naturressursar som er nemnd i planprogrammet. Mineralressursar er ikkje-fornybare naturressursar som berre kan bli tekne ut der dei finst naturleg, og det er viktig at gode førekomstar av mineralressursar ikkje blir bygd ned eller bandlagt på anna vis. Ein bør òg vurdere om førekomstane kan nyttast i prosjektet. Oversikt over mineralressursane kan hentast frå kartdatabasane Pukk og grus og Mineralressursar på Noregs geologiske undersøking (NGU) sine heimesider.

### Eksemplar på bruk av mineralressursar i prosjektet

På Stanghelle finst det for eksempel ein førekomst av grus og sand. Her ligg eit tidligare aktivt massetak og mykje av massane er allereie teke ut, men ein bør vurdere om resten av førekomsten kan nyttast i bygginga av ny veg og bane. Langs traseen, ovanfor Skreianeset, finst ein førekomst av kvartsitt. Her er eit gammalt og synleg brot av den skifrige grunnfjellgneisen. Steinen vart på 1800- og 1900-talet teke ut til mellom anna store bergensbygg som Vestlandske Kunstindustrimuseum, Den Nasjonale Scene og Jernbanestasjonen. I planprogrammet er det nemnt som viktig satsingsområde at ein skal bidra til å utvikle møteplassar og skape gode nærmiljø. Det nye veg- og baneprosjektet bør vurdere å nytte denne historiske og lokale steinen når nye stasjonsområde og sideterreng skal settast i stand. Bruk av lokal og historisk stein vil gi veg og bane på denne strekninga ein moglegheit til å nytte materialar med kvalitet og varigheit, som òg gir ein eigen lokal identitet i tillegg til å auke den visuelle standarden på istandsettinga av plassar og sideterreng. Å bruke stein frå lokalområde i prosjektet vil vere berekraftig bruk av mineralressursar.

### Gamle gruver

På innsida av Risnes skjer den planlagde traseen igjennom ein kalkførekomst som strekk seg ut til tettstaden Risnes kor det finnast ei nedlagd kalkgruve. Ei anna nedlagd kalkgruve i nærleik av traseen ligg langs Manddalselva. DMF gjer oppmerksom på at ein bør undersøkje områda rundt gamle gruver for moglege ukjende opningar, og eventuelt sikre desse viss dei kjem i nærleiken av nye opphaldsareal langs veg/banetraseen. SVV bør òg sikra at gamle gruvegangar ikkje kjem i konflikt med utbygginga av ny veg og bane.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no).

Med helsing

Hilde Marie Lingstad  
seksjonsleder

Åshild Grønlien Østmoe  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*  
Sakshandsamar: Åshild Grønlien Østmoe



Mottakarar:

Statens vegvesen Region vest    Postboks 43    6861 LEIKANGER

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune    Postboks 7900    5020 BERGEN